PLANPROGRAM

Kommunedelplan for landbruk i Hå kommune

HÅ

ME LØFTER I LAG

Innhald

1 FØREMÅLET MED PLANARBEIDET 3

1.1 Mål for planarbeidet 3

1.2 Eit framtidsretta, optimistisk og robust landbruk 4

2 OM LANDBRUKET I HÅ 5

3 KVEN ER HÅ-BONDEN? 7

4 FØRESETNADAR 8

4.1 Avgrensingar av planen 8

4.2 Nasjonale, regionale og kommunale føringar 8

5 AKTUELLE PROBLEMSTILLINGAR MED UTGREIINGSBEHOV 13

5.1 Identitet og omdøme Feil! Bokmerke er ikke definert.

5.2 Matproduksjon og arealdisponering 14

5.2.1 Landbruket si nedbygging av matjord 15

5.2.2 Nydyrking 15

5.2.3 Bruksrasjonalisering og eigedomsstruktur 16

5.2.4 Omdisponering av dyrka jord: 16

5.2.5 Tilleggsnæringar 16

5.3 Miljø 16

5.3.1 Livet i landskapet – naturmangfald, vassforvaltning og forureining 17

5.3.2 Skogbruk 19

5.3.3 Økologisk landbruk 20

6 PLANPROSESS OG ORGANISERING 21

6.1 Organisering 21

6.2 Medverknad 21

6.3 Framdrift 22

Foto på framside teke av Kim Atle Kleven.

Samandrag

Landbruksplanen skal vera ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova.
Hovudtema for planen er:

Identitet og omdøme

Landbruksnæringa si omverd er i endring. Kva omdøme ynskjer Hå-bonden? I kva retning bør landbruket i Hå utvikle seg for å vera skodd for ein marknad i endring?

Matproduksjon og arealdisponering

- Landbruket si nedbygging av matjord
- Nydyrking
- Bruksrasjonalisering og eigedomsstruktur
- Omdisponering av dyrka jord
- Tilleggsnæringar

Miljø

- Livet i landskapet – naturmangfald, vassforvaltning og forureining
- Skogbruk
- Økologisk landbruk

1 Føremålet med planarbeidet

Landbruksplanen skal vere eit styringsdokument for Hå kommune sin landbrukspolitikk, og eit verkty i landbrukskontoret sitt daglege arbeid. Den skal sikre likebehandling gjennom klare retningslinjer og gi forenkla sakshandsaming.

1.1 Mål for planarbeidet

Planen skal gi eit bilete av landbruket i Hå sin status, utviklingstrekk og utviklingspotensiale.

Arealdisponering er eit av hovudtema for planen. Matjord er ein ikkje-fornybar ressurs og derfor vert det å sikre grunnlaget for produksjonen eit hovudtema for planen. I kapittel fem omtalast og utformast det forslag til utgreiingsbehov for landbruket si eiga nedbygging av jord, nydyrking, bruksrasjonalisering og eigedomsstruktur.

Me ser at det trengs ei politisk behandling av område der det er mange ulike interesser, og der det er utydeleg kva forvaltninga skal vektleggje. Det er ønskelig med ein diskusjon som kan stake ut ein retning og avgjere prinsipielle forhold kring vanskelege tema. Tydelege retningslinjer kan gjere forvaltninga enklare. Til dømes tydelege retningslinjer for korleis Hå kommune skal handtere søknader om nydyrking og avgjerder i samband med jordvern og miljøverdiar.

Gjennom planarbeidet ynskjer me å danne oss eit bilete av utvikling og status for tilleggsnæringane til landbruket. Tilleggsnæringar er eit område der det kan vera potensial for å skapa nye arbeidsplassar og inntekter for landbruket og om mogleg gjera det meir robust for eventuelle endringar. Etter kartlegging av situasjon og utvikling ynskjer me å definere nærare kva som skal vera kommunen si rolle i forbindelse med næringsutvikling i landbruket.

Miljø og livet i landskapet er temaområde som vert foreslått i planprogrammet. Innunder dette kjem vassforvaltning, forureiningsproblematikk i landbruket og etisk drift. Gjennom tema *Livet i landskapet* ynskjer me å undersøkje om det er behov for å kartlegge samarbeidspotensialet innanfor næringa og interesseorganisasjonar/kommune for å auke artsmangfaldet i kulturlandskapet.

Planarbeidet skal byggje på kunnskap og vilje til utvikling og bevaring, og foreslå strategiar for utvikling av landbruket i Hå. Planen skal synleggjera landbruket i Hå sin posisjon i næringslivet i Hå og i norsk landbruk, og bidra til å sikre matproduksjonen innanfor berekraftige ramer.

Planen skal synleggjera korleis Hå skal arbeida for å sikra nasjonale mål for jordvern, auka matproduksjon og vekst i tilleggsnæringar.

Gjennom at det i planprosessen vert opna for medverknad og innspel frå næringa og andre interesseorganisasjonar, er det svært mogleg at det vil koma gode forslag til nye tema og problemstillingar som bør takast med i det vidare arbeidet. Det kan også i løpet av prosessen med utgreiing av bestemte fokusområde synleggjera seg nye tema og utgreiingsbehov som vert lagt til i den endelege planen.

Kommunen er pålagt å utarbeide strategi for «spesielle miljøtiltak i landbruket»(SMIL). Nåverande strategi er gjeldande til 2020. Me bør vurdere om strategi for SMIL skal vera ein del av landbruksplanen, eller om det skal være ein plan for rullering av smil strategien. Det må og vurderast om ein bør ha en overordna strategi for andre kommunale tilskot til landbruket og om dette skal vera ein del av planen.

Det vil verta lagt opp til eit samarbeid i kommunen mellom avdelingane som jobbar innanfor område som berører landbruk. Planen skal vera ein juridisk bindande kommunedelplan.

1.2 Eit framtidsretta, optimistisk og robust landbruk

Bonden sitt arbeid er viktig, ikkje berre som matprodusentar. Bonden påverkar landskapet, skjøttar friluftsområda for mange menneske gjennom drifta si og forvaltar område som er viktige for det biologisk mangfaldet.

Me ser tendensar i dag til ein marknad i endring på grunn av endringar i klima og etterspurnad. Samtidig er det mogligheiter for å optimalisere drifta gjennom ny teknologi, styrke omsetninga og skape robuste driftseiningar.

Ein del av løysingane for det framtidige landbruket er på teiknebrettet. I Hå har landbruket gode nettverk, løysingsorienterte bønder med vilje og evne til utvikling. Det er viktig å skapa ein kultur der miljøfremjande tiltak er eit ynskje frå næringa heller enn at det kjem gjennom påbod og forbod. *"Det vanskelegaste klima å forandre er det mentale",* seier Joel Salatin [1]. I Hå ligg me langt framme for å få dette til.

[1] (ref. *Bondevennen* nr. 12. 29 mars 2019 S.3).

2 Om landbruket i Hå

Historia til landbruket i Hå er spennande! I kommunen har me funne nokre av dei eldste spora i landet etter landbruk. På Kvia vart det i 2011 funne spor etter det som kan vera Noregs eldste gardsbruk. At det har vore mykje aktivitet her i fleire tusen år etter siste istid syner seg i dei mange kulturminna. - Som kvilande minner ligg dei der og minner oss på generasjonar med nedlagt arbeid som ligg bak kulturlandskapet me forvaltar i dag. Hå har mange verneverdige kulturminne og naturverdiar.

Hå var for fleire tusen år sidan skogkledd. Dei første åkrane låg etter kvart som små øyar i landskapet. Noko av det første landbruket var truleg svedjebruk; Jordlappane vert nytta eit par år før ein brann ned vegetasjonen på nye stader og dyrka i den næringsrike oska, noko husdyrgjødsel vart og truleg nytta.

Ein kombinasjon av at klima vart kaldare og menneska som budde her tok i bruk meir effektive reiskapar av jern, gjorde til at den samanhengande skogen forsvann for godt utover i jernalderen. Oppå høgdene i landskapet plasserte ein gjerne husa sine.

Jordbruket i Hå var tvunge til å utvikle seg innanfor ramene av stein og det som tidligare var vanskeleg dyrkbare område. Utover på 1860 talet byrja desse ramene å endra seg. Landbrukssamvirket vert danna, ny teknologi saman med at jernbanen kom gjorde at nydyrkingsaktiviteten auka. Mange stader vart vatn tappa ut, areal som tidlegare var dekka av lynghei og myr, vart dyrka opp og omgjort til matproduserande areal. [2]

Etter krigen utvikla landbruket i Hå seg raskare enn nokon gong før. Som fylgje av Stortingets opptrappingsplan for landbruket, og ny teknologi som for eksempel Brøyt gjorde at nydyrkinga skaut fart. Fram til årtusenskiftet var det mykje nydyrking i kommunen, etter årtusenskiftet har arealet vore relativt stabilt medan talet på gardsbruk har gått nedover. Dette gjer at areal pr. bruk stig.



[2] *Gard på kvar hod'l busetnadutviklinga på Jæren*;Hå kommune v/skule og kulturkontoret 1989
Thorsnæs, Geir. (2019, 17. august). Jæren. I Store norske leksikon. Henta 13. november 2019 frå https://snl.no/J%C3%A6ren



Hå har nasjonal interesse som matproduserande areal, menneskelege ressursar og ein optimistisk utviklingskultur. I dag er tal gardsbruk likevel på veg nedover. Det er som i resten av landet ein tendens at bruka vert større og færre. Landbruket blir også påverka av endra forbruksmønster og krav om klimavennleg produksjon og etisk drift.

Det er i dag omlag 118 900 dekar totalt jordbruksareal i Hå. Det utgjer om lag 45% av landareala i kommunen. Det meste av dette vert nytta som eng og beite.

I 2018 vart det produsert over 96 tusen slaktegris og 4,4 millionar slaktekyllingar. Samlar ein alle storfe (ammekyr, andre storfe og mjølkekyr) tel det nesten 30 000 individ. Mjølkekvota ligg totalt på 64,7 millionar liter.

Hå kommune har den største verdiskapinga i primærproduksjon og landbruksbasert industri i Rogaland. Verdiskaping frå desse næringar er 1,4 milliard kroner. [3]

Jæren har naturlege føresetnadar for å drive landbruk med temperatur og nedbørsforhold som gir lang vekstsesong. Den lange vekstsesongen gir også høg bonitet i skogbruket. Statistikken viser at landbruket i Hå er ein nasjonal tungvektar på både produksjon og på næringsutvikling knytt til landbruket.

Andre verdiar landbruket forvaltar er ikkje like målbare, men har mykje å seia for menneska i kommunen sin kvardag og helse. Verdien er ikkje berre liter mjølk produsert eller kilo kjøt. I kulturlandskapet kan ein gå flotte turar langs eit pleia landskap det er godt å vere i. Det er også vanskeleg å setje verdi på reine bekkar der fisken har kome tilbake, eller verdien av å sjå fuglar lette i landskapet. Verdien av å kunne gå seg ein tur på velhaldne stiar og kvile litt på gjerdeklyva. Landbruket held ved like kulturlandskapet som alle opplever dei eig i. Kulturlandskapet er eit fritidslandskap for mange menneske.

3 Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Rogland. Heidi Knutsen, Signe Kårstad og Torbjørn Haukås, NIBIO Merethe Lerfald og Stine Kvamme, Østlandsforskning ved Høgskolen i Innlandet. 14.03.2019

3 Kven er Hå-bonden?

I 2018 var det omlag 430 gardbrukarar i Hå.

Det vert sagt om Hå-bonden at ho og han har;

Omstillingsevne

Gjennomføringskraft

Innovasjonsstyrke

Volumfokusert drift – det er status å vera stor

Investeringsinteresse, men og store lån

Gode kunnskapar til å finne og bruke økonomiske insentiv

Gode nettverk

Tradisjon for husdyrhald

Hå bonden er opptatt av å ikkje bli avgrensa, men har vilje til å tenke nytt

Jærbonden sit sjølv på den viktigaste eigenskapen og den mest verdifulle ressursen i eit landbruk i endring. – Evna og vilje til å omstille seg, tenkje nytt og skape muligheiter ut av det. Kva vil vera styrande for landbruket på Jæren og Hå dei neste ti åra? Vil marknaden endra seg, og gi redusert sal av mjølk og kjøt? Vil det bli ein auka etterspurnad etter grønsaker? Vil det koma strengare miljøkrav for å sikre ei rein og trygg framtid? Og er gjeldsbelastninga for Hå bonden til hinder for ei eventuell omstilling?

I arbeidet med planen er ein interessert i å undersøkje alderssamansetninga blant bøndene i Hå. Vidare undersøkje kva som er status for rekrutteringa til næringa. Kva er det som motiverar unge bønder i dag til å satse på landbruk?

Auka og mest mogleg effektiv produksjon er naudsynt i eit forretningsperspektiv. Men, me ser alt nå at dagens effektive produksjonsformer gjer at me må ta bevisste val for å ivareta dei andre verdiane landbruket forvaltar.

4 Føresetnadar

Kommunedelplanen for landbruk skal sikre at kommunen og landbruksnæringa tek omsyn til nasjonale, regionale og kommunale føringar som gjeld for landbruket. I tillegg skal prosessen med planen få fram tydelege vegval og prioriteringar for utvikling av landbruket i Hå. Landbruksplanen skal gje retningslinjer for kommunen si forvaltning i landbrukssaker.

4.1 Avgrensingar av planen

Klimagassproblemstillingane til landbruket i Hå blir omtalt i planprogrammet for klima og energi. Derfor er det viktig med ei god avgrensing mellom landbruksplanen og klima- og energiplanen. Sjå kap 5.3.

Jæren vannområde har utarbeida ein tiltaksanalyse for Jæren vannområde med forslag til miljømål og tiltak for betre vassmiljø. Tema som omhandlar vassforvaltning må koordinerast mot innhaldet i «*Tiltaksanalyse for Jæren vannområde»* Gjennom arbeidet med planen ynskjer me å undersøkje om det er behov for å utarbeide ytterlegare kommunale mål og strategiar for å skape god framdrift for vedtekne tiltak og mogleg utarbeiding av nye tiltaksplanar for vassforvaltning.

Det må og sjåast på ei avveging mot andre kommunale og regionale planverk.

4.2 Nasjonale, regionale og kommunale føringar

Det er ei rekke statlege og regionale føringar som kommunen må legge til grunne for den kommunale planlegginga. I tillegg har også kommunen eigne planverk det må koordinerast mot.

Nasjonale føringar

Regjeringa utarbeider kvart fjerde år «Nasjonale forventningar» til kommunane og regionane med mål, oppgåver og interesser som det skal leggast særleg vekt på i planlegginga. Regjeringa legg for 2019-2023 vekt på at me står overfor fire store utfordringar: Å skape eit berekraftig velferdssamfunn, å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning, å skape eit sosialt berekraftig samfunn, og å skape eit trygt samfunn for alle.

I *"Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023",* vedtatt 14. mai 2019, står det mellom anna: *"Endringar i arealbruk er i dag den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet på land og for viktige kulturhistoriske verdiar. Mange inngrep som kvar for seg verkar små, kan i sum ha stor negativ verknad. Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for truga natur i Noreg i dag. Å bevare leveområda for ville, pollinerande insekt er viktig for økosystema og for pollineringa av landbruksvekstar. Regjeringa legg stor vekt på å ta vare på truga natur og å sikre at økosystema er i ein god tilstand. Kommunane har eit stort ansvar for å medverke til dette i planlegginga, mellom anna ved å sikre utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova.*

Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetjing og kulturlandskap, og gir grunnlag for nye, grøne næringar. Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunar og kommunar i planane sine vurderer utbyggingsløysingar som sikrar næringsgrunnlaget til landbruket og reduserer omdisponering av dyrka mark. Planane bør trekkje langsiktige grenser mellom by- og tettstadområde og store, samanhengande landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområder."

Andre relevante planar og føringar:

Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA) Målet med prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) er å få oversikt over landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i alle landets fylker. Og å bidra til økt kunnskap og bevissthet om landskap i kommunar og relevante sektorar. [4]

«Kantvegetasjon langs vassdrag» (rettleiar NVE) Livet i elva er i stor grad avhengig av vegetasjonen langs elvekanten. Kantvegetasjon er og eit grøntelement som bind grøntområder saman – særleg i store monokulturer som jordbruksområder. Mange stader er kantvegetasjonen under press. NVE har laga ein rettleiar for å avklare myndighetsutøvelsen etter vannressurslovens § 11 og forholdet til andre lovar som omhandlar kantvegetasjonen. [5]

NVE retningslinjer 2/2011"Flaum og skredfare i arealplanar" I denne rapporten står det mellom anna at den beste måten å førebygge skader på er å unngå å bygge i fareutsette område. Retningslinjene skildrar kva slags flaum-, erosjons- og skredprosessar som kan utgjere fare og korleis farane bør greiast ut og takast omsyn til i plankart og planføresegner. [6]

Anna relevant lovverk:

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag - Berørte kommuner og fylkeskommuner skal legge retningslinjene til grunn for planleggingen etter plan- og bygningsloven, (jf. § 17-1, 1. ledd).

Friluftsloven, ref**.** § 1. Formål;
Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre almenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes.

Jordloven, ref. § 1. 1. ledd Formål;
Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Konsesjonsloven, ref. § 1 (utdrag) Formål;
Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, …..

Plan- og bygningslova §3-1 første ledd bokstav g).

Dei statlege planretningslingjene for klimatilpassing (kap.4)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, PBL § 11-7 nr.6

Tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7

[4] Frå riksantikvaren.no
[5] Frå Nve.no
[6] Frå rapporten Flaum og skredfare i arealplanar NVE

Regionale føringar

Regionalplan for Jæren 2050 (fase 1)
Planen sin visjon er at me skal vere ein bærekraftig og endringsdyktig region. Hovudmålet for by- og tettstadsutvikling seier at *«Regionen skal ha ein berekraftig by- og stadsutvikling basert på regionale heilhetsløysingar som effektiviserer arealforbruket og transportarbeidet, styrkar verdiskapinga, sikrar natur- og kulturverdiar, reduserer klimautslepp, og gir høg livskvalitet».* I tillegg til hovudmålet er det seks delmål med tilhøyrande strategiar; *«Varige naturverdiar», «Livskraftige nabolag», «Levande sentrumsområder», «Enklare kvardag», «Konkurransekraft», og «Regionalt samarbeid».*

Regionalplan for Jæren (*fase 2*) tar mellom anna sikte på å;
- Gi føringar for mål og tiltak for behandling av landbruksbygg og eigedom. Bygg for kraftforbaserte produksjonar og plassering av nye landbruksbygg med meir inngår i dette.
- Styrke jordvernet
- Styrke naturvernhensyn

Regionalplan for Jæren fase to er forventa vedteken i desember 2020.

Regional plan for massehåndtering på Jæren 2018-2040
Planen skal bidra til berekraftig bruk og handtering av overskuddsmassar på Jæren. Gode massar bør brukas omatt, eller bli til nye produkt. Då sikrar me også at landbruksområde og naturverdiar på Jæren ikkje blir øydelagt.

Andre relevante planar og føringar:

Regionalplan for klimatilpassning: Arbeidet med regionalplan for klimatilpasning i Rogaland pågår i perioden 2018 - 2020. Planen skal gjelde i heile Rogaland. Planener er planlagt vedteken hausten 2020.

Strategi for bioøkonomi 2018-2030 Visjonen er at Rogaland skal bli eit kraftsenter for bioøkonomien. Det grøne skiftet er forankra i dei globale berekraftsmåla og i dei globale klimautfordringane. Desse ber bod om eit grønt skifte. Grunnlaget er ei samfunns- og næringsutvikling med mest mogleg gjenbruk og minst mogleg avfall, bruk av fornybare biologiske ressursar og minimalt med klimagassutslepp. Utvikling og produksjon av fôr og fôrressursar til jordbruks- og havbruksnæringa er eit av fokusområda.[7]

Regional jordvernstrategi for Matfylket Rogaland/Regionalt jordvernmål
Målet for Rogaland er at omdisponering av jordbruksareal skal vere under 400 dekar i året. Regional jordvernstrategi er ei oppfølging av Nasjonal jordvernstrategi, med mål om at omdisponeringa av dyrka jord i Noreg skal vere under 4000 dekar. Planen skal mellom anna sikre at jordvernhensyn vert innarbeidd i overordna areal- og transportplanar og kommunale planar. [8]

Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016–2021 Førmålet med planen er å fremje bærekraftig bruk av vassdrag, kystvann og grunnvann i tråd med vannforskriften.

Klimaprofil for Rogaland Klimaprofilen gir eit kortfatta samandrag av klimaet, forventa klimaendringar og klimautfordringar i Rogaland. Den er meint som kunnskapsgrunnlag og

[7] Frå rapporten Strategi for bioøkonomi 2018-2030
[8] Frå rapporten regional *jordvernstrategi for matfylket rogaland*

hjelpemiddel for beslutningstakarar og planleggerar i overorda planlegging, samt som supplement til *Klimahjelperen*.[9]

Regionalplan landbruk Regionalplanen er regional nærings – og arealpolitikk for å auka matproduksjonen, styrka jordvernet og landbruket i heile Rogaland. Planen blei vedteken i 2011.[10]

Biogass/biorestproduksjon som bærekraftig gjødselhåndteringsstrategi på Jæren Hovedmålet med dette prosjektet har vore å vurdere om separering av husdyrgjødsel fra storfe og gris i en våt og en tørr fraksjon før behandling i biogassanlegg, vil kunne bidra til å løyse nokon av landbruket sine utfordringar i knytt til klima og miljø regionalt og bondens utfordringar lokalt.[11]

Kommunale føringar

Tiltaksanalyse Jæren vannområde
Denne tiltaksanalysen er et fagleg innspel til forvaltningsplan for Vannregion Rogaland (2016 – 2021). Målsetjinga med analysen er å foreslå den kombinasjonen av tiltak som mest mogleg kostnadseffektivt gjer det mogleg å oppnå Vannforskriften sine mål om god økologisk og kjemisk miljøtilstand for alt vassdrag og kystvatn innanfor vannområdet

Kommuneplan for Hå 2014-2028
I kapittel 12.6 *"Landbruksområde, kultur- og naturlandskap"* står det at Hå kommune skal i arealplanlegginga praktisere eit strengt jordvern. Langsiktige grenser for landbruk skal i størst mogleg

grad nyttast for at landbruket skal kunne ha klare rammer for disponibelt landbruksareal innanfor ein 40-årsperiode.

Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tek sikte på å trekkje langsiktig grense mellom tettstad og landbruk og konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka. Det er avgjerande at fortettingsdelen blir verande høg for å nå målet om å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane, samtidig som kommunens bustadprogram tek sikte på å dreie veksten mot Stokkalandsmarka og dei mindre produktive areala i den søre delen av kommunen.

Andre relevante planar og føringar:

Klima- og energiplan i Hå I klima- og energiplanen fokuserte kommunen på rolla si som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabiletet framover viser. Kommunen er oppteken av å vere ein føregangskommune kva gjeld effektiv drift, og klima- og energiplanen vil fokusere på tiltak for å effektivisere energiforbruket og redusere utslepp av klimagassar knytt til kommunal verksemd. Det er utarbeida planprogram for ny klima- og energiplan for Hå kommune.

Hovedplan for vatn, vassmiljø og avløp Kommunen sine fagutgreiingar av overvatn og flaumfare må ligge til grunn for det vidare planarbeidet.

[9] Fra rapporten *klimaprofil Rogaland*
[10] Frå Rogaland fylkeskommune sine heimesider
[11] Rapport Biogass/biorestproduksjon som bærekraftig gjødselhåndteringsstrategi på Jæren. NORCE

Kulturminnevernplan for Hå Kulturminnevernplanen skal gi grunnlag for eit målretta vedlikehald og god informasjon om og tilrettelegging av kulturminna. Ved dette ønskjer ein å arbeida for auka kunnskap om og positive haldningar til kulturarven.[12]

[12] Frå kulturminnevernplan for Hå kommune

5 Aktuelle problemstillingar med utgreiingsbehov

I dette kapittelet blir det peika på utvalde temaområde og aktuelle problemstillingar og utgreiingsbehov som bør behandlast i landbruksplanen. Nokre av problemstillingane vil vere dei same for fleire tema.

I planprosessen kan det også seinare komme opp nye tema som bør vurderast og utgreiast nærare. Det kan vurderast å lage alternative planforslag for å få ein brei diskusjon i politisk behandling av planen.

5.1 Omdøme

Hå-bonden har ein sterk identitet og omdøme. I kapittel 2 er dei viktigaste eigenskapane lista opp. Landbruksnæringa si omverd er i endring. Skal Hå-bonden framleis kunne framstå som blant dei beste matleverandørane til ein marknad i endring bør ho vurdere om identitet og omdømme skal vidareutviklast.

Lego brukar ein milliard på å utvikle legoklossar i ein meir miljøvenleg retning. Dette er ikkje berre fordi dei føler ei moralsk forplikting på vegne av neste generasjon. Det er fordi dei ser at berekraft vil bli lønsamt og at kundane deira forventar det av dei, skriv Randi Ness i Adressevissa 26. oktober 2019.

I EU vert det arbeidd med å definere kriterier for grøne finansieringsføremål. Det ligg an til at føremål som kan karakteriserast som miljøvenleg og etisk drift vil få betre finansieringsvilkår. Det vil vera eit fortrinn for dei næringane som er motiverte til ei grøn omstilling og ein risiko for dei andre.

Er det til det beste for Hå-bonden si framtid å setje seg i førarsetet for eit klimavennleg, berekraftig landbruk med godt omdøme og god dyrevelferd? Korleis kan Hå-bonden i tilfelle bli førande for den Norske bonden sitt framtidige omdøme? Hå-bonden er vant med å tenkje stort og har vilje til å tenkje nytt. Hå bonden har omstillingsevne og gjennomføringskraft til det ho vil. Vil ho dette?

Utgreiingsbehov:

Vurderast om det skal gjennomførast ein eigen prosess med brei deltaking kor det blir drøfta kva identitet og omdøme Hå-bonden vil ha inn i framtida.

Kva skal til for at Hå-bonden vel førarsetet i eit kunnskapsrikt, klimavenleg, berekraftig og framtidsretta landbruk ?

Kartlegge samarbeidspotensialet med andre samfunnsaktørar som kan vera med å synleggjera kven Hå-bonden er. Det skal i dette arbeidet og vurdast behovet for ein kommunikasjonsstrategi mellom landbruket og inbyggerar i kommunen.

5.2 Matproduksjon, arealdisponering og jordvern

Klima og jordsmonn gjer dei matproduserande areala i Hå til ein nasjonalt viktig ressurs. Framtidig vekst heng saman med korleis me brukar og tek omsyn til denne ressursen.

Hå har 1,2 % av det totale fulldyrka arealet i landet. Av den totale verdiskapinga frå jordbruket i Rogaland, kjem 60 % frå kommunane på Jæren, 18 % frå Ryfylke, 13 % frå Haugalandet og 9 % frå Dalane. Hå, Klepp, Time og Sandnes er dei fire kommunane med høgast verdiskaping frå primær jordbruket med høvesvis 532 mill. kr, 457 mill. kr, 242 mill. kr og 211 mill. kr. [13]

I Hå vert det produsert svært mykje mat. Det viktigaste grunnlaget for produksjonen er matjorda, som dei seinare år har fått eit styrka vern gjennom nasjonale føringar. Det er svært viktig for Hå kommune å sikre denne ikkje fornybare ressursen for framtida. Hå har nasjonalt viktig matjord og noko av dei mest aktive landbruksområda i Norge.

Det er viktig ikkje å bygge ned god matjord eller omdisponere den til andre formål. Kurva nedanfor syner at omdisponering til andre formål enn landbruk er vesentleg redusert dei siste åra.

I stortingsmelding 11/2016 om landbruket, *Endring og utvikling — Ein framtidsretta jordbruksproduksjon,* vert auka produksjon, betra effektivitet og styrka konkurransekraft haldne fram som dei viktigaste prioriteringane. Det vert også peika på at landbruket i større grad må levere produkt som marknaden etterspør. Landbruket i Hå har over i lang tid hatt sterkt fokus på auka produksjon og betra effektivitet. Kanskje vil det for Hå gi eit konkurransefortrinn dersom ein i tillegg styrkar evna til tilpassing til endringar i etterspurnad?

Landbruksjorda i Hå har generelt høg kvalitet, men har ulike eigenskapar i ulike område. Derfor er det viktig å vera bevisst i forvaltninga for å sikre fleksible og gode produksjonsgrunnlag på kort og lang sikt.

[13] Ref. Nibio; *verdiskaping i landbruket i Rogaland. 2019*

5.2.1 Landbruket si nedbygging av matjord

Landbruket har i forhold til bruksrasjonalisering behov for nye og større driftsbygningar samt forlager og gjødselslager. Dette medfører nedbygging av god landbruksjord. Samtidig blir mange gardsbruk lagt ned eller tun blir skilt frå, og det blir ståande igjen driftsbygningar av eldre dato som er lite i bruk. Sentrale problemstillingar er om me i større grad bør krevje at eldre driftsbygningar skal fjernast, dersom den gamle står i vegen for nye bygg, eller at det vil spare jord? Er det behov for å regulere driftsform i forhold til kvalitet på jord? (t.d. ikkje tillate bygging av store mjølkefjøs på jord som er særleg godt eigna til grønsaksdyrking? Bør kommunen krevje at driftsbygningar for kraftforkrevande produksjonar (svin og fjørfe) utelukkande berre kan byggjast på uproduktive areal?

Utgreiingsbehov:

Kartlegge omfanget av landbruket si eiga nedbygging av landbruksjord.

Vurdere behovet for bruk av landbruksjord mot andre alternativ. Vurdere retningslinjer for ivaretaking av matjord ved oppføring av nye driftsbygg og avvikling av gamle driftsbygningar.

5.2.2 Nydyrking

Me står ved eit vegskilje for nydyrking. Bonden på si side ynskjer å utvikle garden og dyrke opp potensielt dyrkbare område. Samstundes er det mange med interesse i natur og mangfald som ynskjer å la areala stå udyrka eller som kulturbeite. Etter kvart som det minkar på udyrka areal, vert spørsmålet meir aktualisert, og ein må gjera kloke val for framtida. Det er behov for å ta stilling til korleis me både sikrar ei god utvikling av jordbruket og samtidig sikrar at me opprettheld naturmangfaldet.

Utgreiingsbehov:

Kartleggje utvikling, status og problemstillingar

Kartlegge udyrka areal, kartlegge ulike kategoriar sin verdi for naturmangfaldet og sjå på heilskapen av omfanget udyrka areal/restareal i landskapet i Hå.

Sjå på landbruket sitt behov for areal på enkeltbruk og i større samanheng.

5.2.3 Bruksrasjonalisering og eigedomsstruktur

Samanslåing av bruk og kjøp av jord skjer i betydeleg omfang. I den samanhengen ser me at det ofte vert store avstandar til jordene og dårlig arrondering. Dette medfører store transportkostnadar og mykje landbruksmaskinar på vegane. Avstandar for gardbrukaren er ofte undervurdert, og prisen dei betalar for tilleggsjord er høg. Kan me påverke kjøp og sal av jordbruksareal gjennom priskontroll? I samband med at jord leigast ut eller eigedomar blir slått saman, bør det krevjast at bygningar fjernast og grunnen blir tilbakeført til fulldyrka jord?

Utgreiingsbehov:

Kartlegge utviklinga av eigedomsstrukturen og sjå på moglegheiter for å bidra til god arrondering.

5.2.4 Omdisponering av dyrka jord:

Ved oppføringar av nybygg, eller anna omdisponering av areal fjernar ein ofte det øvste jordlaget. Korleis kan ein sikre at denne jorda vart ivareteken på ein god måte? Bør det opprettast ein jordbank for mottak av jord? Ein vil også ha erstatning av nedbygd matjord inn som tema i planen.

Utgreiingsbehov:

Kartlegge praksis ved omdisponering av jord, vurdere målsetjing og tiltak ut i frå dette arbeidet.

5.2.5 Tilleggsnæringar

Kommunedelplanen skal gi ei skildring av dagens status for tilleggsnæringane i landbruket. Planen skal og sjå på korleis kommunen kan arbeida for å implementere nasjonale og regionale målsettingar om auka alternativ næringsutvikling i landbruket. Blant anna sjå på kommunen sine mogelegheiter for å nytte "Inn på tunet"- tenestar.

Utgreiingsbehov: Skildre status for tilleggsnæringar i landbruket i dag, definere kommunen si eventuelle rolle som tilretteleggar for auka vekst i tilleggsnæringar.

Lokal vidareforedling og inn på tunet tenestar kan særleg vektleggast i dette arbeidet.

5.3 Miljø

Kommunen ynskjer saman med bøndene og deira interesseorganisasjonar å finne interessante tiltak som gir klima- og miljøgevinstar. Klimaproblemstillingane og miljøspørsmål blir teke opp i landbruksplanen. Det vil vera hensiktsmessig å vurdere og samordne arbeidet med klima og energiplanen, særleg i dialog med interessentane kan det vere effektivt å drøfte klima- og miljøproblemstillingar samla.

65% av klimagassutsleppa i kommunen kjem frå landbruket. Landbruket er eit av seks fokusområde i planprogrammet for klima og energiplan i Hå. Problemstillingar rundt klimagassutslepp i landbruket er godt dekka i planprogrammet for klima og energiplanen.

Dette gjeld også utnytting av husdyrgjødsel til energiproduksjon. Derfor er det i planprogrammet for landbruksplan ikkje behov for vidare utgreiing av dette.

5.3.1 Livet i landskapet – naturmangfald, vassforvaltning og forureining

Det kan fort oppstå intessekonfliktar mellom storskala landbruk og naturmangfald. Dette gjeld både arealdisponering og dyreliv.

Artsmangfald

Humlene til dømes, bidrar til å ta vare på mangfaldet av planter i naturen. Rund t 80 % av avlingane i Europa er heilt eller delvis avhengige av pollinering frå humler og andre insekter. Av dei hundre viktigaste avlingane i verda blir 71 pollinert av humler og bier. (Kjelde: EFSA, FAO) Dette syner at artane i landskapet og landbruket har felles interesser.

«*De yngste kundene våre har miljø og klima som sin viktigaste sak*», seier Runar Hollevik konsernsjef i NorgesGruppen. Dette syner at tiltak for auka biologisk mangfald kan gi allianse med kundane. Noko som kan vera eit konkurransefortrinn og gi konkurransekraft for landbruksaktørar som ser desse koplingane.

Utførte teljingar syner at vipa er i sterk tilbakegang. Tal frå 2014 anslår at Time, Klepp og Hå har over 2/3 av den resterande verpebestanden for viper i Rogaland. Jæren vert på grunn av dette omtala som «Vipas siste skanse». Områda på Jæren inngår som ein del av dei beste hekkeområda for ein art i tilbakegong, det gir det eit særskilt ansvar for å saman med næringa søke gode løysingar for ivaretaking av vipa. [14]

Også interessa for artsmangfaldet under bakken, det travle livet som utspelar seg under føtene våre aukar. Sitatet nedanfor synleggjer ei mogleg samanfallande interesse mellom landbruket og andre samfunnsinteresser som kan verta aktuelt å synleggjera i planarbeidet.

"Det å aktivt byggja levande mold, og dermed styrka jorda si evne til karbonlagring, har potensiale i seg til ikkje berre å redusera klimaendringane, men faktisk reversera dei. Klarar me å auka lagringa av karbon i molda med 0,4 prosent pr. år i dei øvste 30 – 40 centimetrane med matjord, er dette nok til å stoppa auken av karbondioksid (CO2) i atmosfæren. Og det er ikkje berre klimaet som vinn. Meir karbon i jorda betyr meir mat til mikroorganismane, som betyr meir næring til og mindre sjukdom for planten, som betyr langt større produktivitet, fruktbarheit og betre økonomi for bonden."[15]

Kulturlandskapet

Hå kommune har eit særprega kulturlandskap som gjer det attraktivt å gå på tur og drive anna friluftsliv, som f.eks fuglekikking. Det er viktig for folkehelsa til innbyggjarane i Hå og for tilreisande si oppleving av kommunen å ivareta kulturlandskapet.

[14] Stavanger Aftenblad 29.03.2014
Fylkesmannen i Rogaland nedlasta 21.03.2014
[15] sitat frå Jordboka http://jordboka.no/smakebitar.html hentet13.11.2019

Inngrep i kulturlandskapet krev ofte løyve frå eit lovverk. Å oppretthalde kulturlandskapet gjennom aktiv bruk er ikkje lovfesta, men ei viktig samfunnsoppgåve som landbruket har ei stor rolle i. Det kan ligge interessekonfliktar mellom intensivt landbruk og ivaretaking av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv. Samstundes er slik ivaretaking og tilrettelegging ein mogelegheit til å vise fram landbruket på ein god måte.

Kjelder til forureining frå landbruket

Gjennom arbeidet med kommunedelplanen bør det dannast eit bilete av forureiningsutfordringar frå landbruket i dag. Me ser døme på at silosaft, gjødsel og anna diffuse utslepp påverkar vasskvaliteten.

Det bør også samlast erfaringar med, og vurdere effekten av utførte tiltak. På bakgrunn av dette og etter innspel frå næringa og forvaltninga må det vurderast om det skal utarbeidast ei ny målsetjing og tiltak for framhaldet med arbeidet for forureiningsaker i landbruket.

Det er i Hå gjort ulike tiltak for å kartlegge og betre vasskvaliteten i elvar, bekkar og andre vassforekomstar. Mellom anna er det sidan 2004 utført årleg prøvetaking av Jærvassdraga som ein del av eit langsiktig felles overvakingsprogram for Jæren vannområde. Jæren vannområde er eit regionalt samarbeid for å betre miljøtilstanden til vassdraga og fjordane. Oppgåva deira er mellom anna å overvake gjennom prøvetaking.

Det er utarbeidd ein tiltaksplan for Hå-elva. I år er det gjort fysiske tiltak i elva for å betre tilhøva for gytefisk og samstundes er elvekantane erosjonssikra.

Nokre vassforekomstar har fått bedra tilstand, men det er framleis forureiningsproblem mange stader. Dette viser at det er behov for vidare tiltak. Dette arbeidet må samordnast med Jæren vannområde sitt arbeid.

Plantevernmidlar

Norges Bondelag har plantevernmidlar som eit fokusområde, og det bør vurderast kva rolle kommunen skal ha i dette arbeidet. Ein del av utgreiinga vil vera å kartlegge andre aktørar som mattilsynet og bondelaga sine roller i arbeidet med plantevernmidlar. I planarbeidet bør me vurdere å kartlegge status og erfaringar frå næringa og aktørar, og om kommunen vil utarbeide tiltak ut i frå dette.

Plast

Det meste av plasten frå landbruket bli gjenvunne, men noko endar i naturen. Sjølv om det er gode ordningar for oppsamling av plast i landbruket, er det framleis rom for å kunne verta enda betre på bruken av ordningane.

Klima og biogass

Som anna produksjon slepp landbruket ut klimagassar, men reknestykket for denne næringa er spesielt avansert då produksjonen og tek opp og lagrar klimagassar. Dette gjer det naudsynt å sjå på heilskapsbiletet. I samabeid med næringa må det sjåast på moglegheitar for kutt i utslepp, gjort på ein slik måte at det ikkje går negativt ut over økonomi og produksjon.

Miljøvenleg omstilling i landbruket

Det skjer mykje spanande innanfor m.a. presisjonslandbruk som kan gi økonomiske, miljø - og klimamessige vinningar. I planarbeidet bør det dannast eit bilete av korleis kommunen kan vera med og stø ei miljøvenleg omstilling i landbruket.

Utgreiingsbehov:

Undersøkje korleis ein gjennom samarbeid med næringa kan finne gode løysingar for å legge til rette for og auke artsmangfaldet i landskapet.

Sjå på korleis ein gjennom samarbeid med næringa kan finne gode løysingar for å ivareta og vedlikehalde kulturlandskapet. Kartlegge samarbeidspotensialet med andre interesseorganisasjonar.

Kartlegge status, utforme målsetjing og strategi for vidare arbeid med landbruk og kulturminner.

Sjå på om det kan vera moglegheiter for betre tilrettelegging for å nytte kulturlandskapet til folkehelsetiltak m.m.

Vurdere om det i planarbeidet skal utarbeidast målsetjingar for å sikre god framdrift for vedtekne tiltak, og utarbeiding av nye tiltak for betra vasskvalitet.

Kartlegge status, utforme målsetjing og strategi for vidare arbeid med landbruksforureining.

Kartlegge status, erfaringar og andre aktørar si rolle i arbeidet med plantevernmidlar. På grunnlag av dette vurdere vidare målsetjing og tiltak.

Kartlegge problemstillinga plast på avvege. Basert på dette vurdere mål og tiltak, eventuelt saman med andre aktørar.

Kartlegge status, utforme målsetjing og strategi for miljøvenleg omstilling i landbruket.

Kartlegge status, utforme målsetjing og strategi i arbeid med klimatiltak i landbruket og biogass.

5.3.2 Skogbruk

Det føregår ei planlegging av ny organisering av forvaltning av ressursane i skogane i Sør-Rogaland. Hå kommune er positive til ei felles skogforvalting. Kommunen er pålagd å utarbeide strategi for «nærings og miljøtiltak i skogbruket»(NMSK). Nåverande strategi er gjeldande fram til 2020. Me bør vurdere om strategi for NMSK bør inkluderast i landbruksplanen. Bør kommunen lage ein område-skogbruksplan og bør uproduktive areal nyttast til å plante klimaskog? Skal kommunen vurdere å lage retningslinjer om hogst av eksisterande skog av omsyn til vilt og fordrøynigseffekten for ekstrem nedbør. Ved hogst av plantefelt, kva retningslinjer bør ein ha for nyplanting?

Utgreiingsbehov:

Vurdere om NMSK skal vera ein del av landbruksplanen. Etter ferdigstilling av rapporten vurdere om kommunen skal legge til eigne føringar for desse midlane og utarbeide målsetjing og strategi for vidare arbeid.

5.3.3 Økologisk landbruk

Interessa for å drive økologisk landbruk i Hå har vore låg. Av 430 søkjerar av produsjonstilskot i kommunen, er det tre produsentar som driv økologisk. Desse fordeler seg på eit bruk med melkeproduksjon, eit med ammekyr og ein grønsaksprodusent. Statistikk frå Landbruksdirektoratet syner at det er ei auke i etterspurnad etter økologiske produkt.[16]. I arbeidet med landbruksplanen ynskjer Hå kommune å danne seg eit bilete av situasjonen for økologisk landbruk, og vurdere om det skal setjast ei målsetjing ut i frå dette.

Utgreiingsbehov:

Kartleggje utvikling, status og problemstillingar. Vurdere om det skal utarbeidast ei målsetjing for økologisk landbruk i kommunen.

[16] Kjelde: https://www.agropub.no/publikasjoner/nasjonal-strategi-for-okologisk-jordbruk-2018-2030 Henta 10.10.19

6 Planprosess og organisering

Landbruksplanen for Hå skal utarbeidast som ein kommunedelplan. Då fastlegg plan- og bygningslova den formelle framgangsmåten i tillegg til at me kan velje ulike måtar å skape medverknad og framdrift i planprosessen.

6.1 Organisering

Formell framgangsmåte etter plan- og bygningslova er følgjande:

- Administrasjonen utarbeidar utkast til planprogram og legg dette fram for kommuneplanutvalet og kommunestyret til behandling.
- Kommunestyret legg planprogrammet ut til offentleg ettersyn og sender det til aktuelle instansar til uttale. Uttalefrist minst 6 veker.
- Kommuneplanutvalet behandlar innkomne merknader, gjer eventuelle endringar i programmet og innstiller/sender saka til kommunestyret til endeleg behandling (fastsetting av planprogrammet).
- Administrasjonen utarbeidar med bakgrunn i planprogrammet, arbeidsnotat og andre utgreiingar og legg desse fram for kommuneplanutvalet til behandling.
- Med bakgrunn i enkeltnotata og behandling av desse i kommuneplanutvalet, utformar administrasjonen utkast til kommunedelplan med tekst/planbeskrivelse og kart. Utkastet blir lagt fram for kommuneplanutvalet som innstiller/sender saka til kommunestyret.
- Kommunestyret legg utkast til kommunedelplan ut til offentleg ettersyn og sender det til aktuelle instansar til uttale. Uttalefrist minst 6 veker.
- Kommuneplanutvalet behandlar innkomne merknader, gjer eventuelle endringar i planutkastet og innstiller/sender saka til kommunestyret til endeleg behandling.
- Det er kommunestyret som til slutt vedtar den endelege (landbruks-) planen.

> Det er ikkje klageadgang på kommune(del)planar. Offentlege styresmakter kan kome med motsegn til kommuneplanen sin arealdel (gjeld ikkje temaplan som denne).

6.2 Medverknad

Hå kommune ser det som viktig å involvera landbruksnæringa og andre interessentar i planarbeidet. Sidan det er ein plan som skal gi føringar for retninga til landbruket, er me svært interesserte i å få innspel frå næringa og gardbrukarane i Hå. Me ønskjer ein plan for landbruket som er forankra i næringa.

Informasjonsmøte

Det vil etter godkjenning av planprogrammet bli oppretta kontakt med bondelaga/bonde og småbrukarlaget og andre interessentar for å avtale møte der ein kan presentere planarbeidet og kva tema som vert vektlagt. Me vil etterpå notere oss innspel og oppfordre til å ta kontakt via sosiale media eller e-post for synspunkt. Dette vil synleggjere planen for dei ulike interesseorganisasjonane og andre, samt gi opplysing om moglegheit til deltaking og påverking gjennom ulike kanalar.

Generell info om planarbeid

I forbindelse med planarbeidet vil det vera naudsynt å kontakte aktuelle avdelingar i Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen si landbruk og miljøvernavdeling.

Det vil verta lagt opp til eit samarbeid i kommunen mellom avdelingane som jobbar innanfor område som berører landbruk.

Me har i dag eit system for informasjonsformidling gjennom nyhetsbrev på mail frå landbrukskontoret i Hå ut til bøndene. Det vil gjennom desse nyhetsbreva bli sendt ut informasjon om oppstart, pågåande arbeid og høyringsperiodar i planarbeidet. Me ser også føre oss å legge ved informasjon om prosessen og planarbeidet for å skape forståing om kva ein kommunedelplan for landbruk er, kvifor det er viktig å koma med innspel, og korleis, altså kva tilgjengelege kanalar ein som innbyggar kan nytte for å uttale seg om pågåande planarbeid.

Planprogram
Planoppstart vil bli kunngjort på kommunen sine heimesider, kommunen sine sider på sosiale media og i lokalavisa. I samband med at planprogramutkastet blir lagt ut til offentleg ettersyn og det vert varsla oppstart av planen, vil me kontakte bondelaga i Hå og andre interesseorganisasjonar for å informere om dette og vurdere om det skal arrangerast ope møte for informasjon.

Gjestebod
Me ynskjer å arrangere «gjestebod» etter mønster frå tidligare utførte gjestebod i Hå. Gjestebodvertar melder seg sjølve eller ev. vert førespurt av kommunen, desse inviterer gjester heim til seg. Utvalde tema frå kommunedelplanen blir drøfta under møtet.

Aktuelle tema å ha gjestebod om er identitet, matproduksjon, og arealdisponering. Det vil bli arrangert eit gjestebod hjå fleire vertar, men ein kan vurdere om det skal arrangerast i fleire rundar dersom det er ynskje eller behov for det.

Høyring
Det vil vera mogleg å koma med skriftlege innspel til planprogrammet og planen. Kvar høyringsperiode er på minst seks veker. I løpet av denne perioden har alle interessertar høve til å kome med innspel og synspunkt .

6.3 Framdrift

Tidsplan	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Utarbeide forslag til planprogram														
Politisk behandling, forslag til planprogram		12												
Høyring av forslag til planprogram		13			2									
Bearbeiding av merknader														
Kommuneplanutvalget 28, vedtak planprogram 7						28	7							
Analyse og utredning														
Politisk behandling: Tema 1 Identitet														
Politisk behandling: Tema 2 Arealdsiponering														
Politisk behandling: Tema 3 Livet i landskapet														
Oppmelding til regionalt planforum vurderast														
Planforslag kommuneplanutvalget										25				
Planforslag kommunestyret											3			
Høyring av forslag til plan											4	16		
Kommuneplanutvalget													24	
Planvedtak														10

- Forslag til planprogram blir lagt ut på høyring: 13. desember 2019.
- Frist for høyringsmerknadar: 2. mars 2020.
- Forslag til plan blir lagt ut på høyring: 4. september 2020.
- Frist for høyringsmerknadar: 16. oktober 2020.
- Planvedtak planlagt: 10. desember 2020.